

24/2 - 2016



Samnanger historielag *- Der gamalt og nytt møtest -*

ÅRSMELDING FOR SAMNANGER HISTORIELAG 2016

Desse var valde på årsmøtet 24.feb. 2016, 11 medl. møtte

Styremedlemmer: 2 år Helge Hisdal (attval), Audhild Aadland Olsnes (attval)

Leiar 1 år: Helge Hisdal (attval)

Ikkje på val i -16: Anne Frøland, Norvald Gjerde og Solvor Aadland

Vara for 1 år: Tor Wold 1. vara (attval), Vidar Tveiterås 2.vara (ny)

Revisorar for 1 år:

Arne Nordbø (attval), Gisle G. Øye (ny), Ada Haugen (vara)

Fondsneemnd for 1 år:

Tone Tysseland Holmefjord ,leiar (attval), Bjarne Hauge (attval), Audhild Aadland Olsnes (frå styret)

Årboknemnd for 1 år:

Anlaug Røen Hauge leiar (attval), Ivar Bård Aadland (attval) og Svein O. Aadland (attval). Tor Wold ny.

Valnemnd:

Framlegg frå årsmøtet: Sture Tveit, Brigt Olav Gåsdal og Margot Hisdal.

Det nye styret konstituerte seg etter årsmøtet:

Helge Hisdal- leiar.

Anne Frøland- nestleiar.

Solvor Aadland- kasserar.

Audhild Aadland Olsnes- skrivar.

Norvald Gjerde- styremedlem.

Vara: Tor Wold og Vidar Tveiterås.

Styret har hatt 6 styremøte og har handsama 31 saker.

Medlemmer:

Historielaget hadde 97 medlemmer i 2016. 3 nye, 3 gått ut, 1 død

Kva har hendt i Samnanger historielag i 2016?

Årsmøte Hordaland sogelag.

5.-6. mars deltok vald utsending, leiar Helge Hisdal, på årsmøte for Hordaland sogelag i Norheimsund. 33 lokallag er no med i Hordaland sogelag. Utanom årsmøtesaker var det tur til Fykse med informasjon og omvisning på området. Servering av lokalprodusert mat. Omvisning på Hardanger fartøyvernssenter. Det var også planlagt ein tur til ei gamal restaurert oppgangsgang i Tørvikbygd, men grunna snø og is var det ikkje tilkomst. Det vart i staden ein tur til bygdamusum i Tørvikbygd. Mykje interessant å sjå/høyra . Kvam sogelag hadde lagt mykje arbeid i programmet.

Treskoarbeidet

- 6.april ein triveleg kveld hos Anton med treskofilm og mykje prat , samt kaffi og vaflar.
- Me fekk leiga sløydsalen på ungdomsskulen til treskokurs i midten av april, men det vart avlyst grunna kun 1 påmeld.
- Helge med treskokrakken sin var med på loppemarknaden som soknerådet laga til på Safa.
- 23. april hadde NRK Hordaland eit radiointervju med Helge Hisdal ang. tresko og treskoproduksjon på gamlemåten.
- 10. sept arrangerte Os kommune kultur dagar med «Gamle handverk fram frå gløymsla» m. a. båtbygging, tynner og mykje anna. Dei ville også ha med treskoggraving, men hadde ingen til å gjera jobben. Helge vart difor invitert til å koma med treskokrakken.

Vårtur

5. juni hadde laget vårturen sin. I år gjekk turen over Kvamskogen til Ulvik og Osa med gamal blåbuss, som vanleg. Kjell Ove Fossdal var sjåfør i år også. Me var innom Olav H. Hauge senteret. Der møtte me guiden vår Paul Amundsen frå Ulvik sogelag. Etter middag på hotel vart det busstur mot Osa. Her fekk me «prøvegå» den restaurerte gamlevegen til Osa på utsida av ein tunnel. Me fekk også ein tur i ei «Kaldehola». Dvs naturleg kjøleskap pga trekk gjennom dei store urane som gjekk heilt frå fjord til fjell. Is frå vinteren i øvste delen av ura gav kaldluft som strøymde ned til langt ut på hausten. Så var me i eit gammalt skulehus der me vart vist film frå den tida det var planlagt by i Osa og frå dei 3 store annleggsperiodane i bygda. Både guiden og ein annan frå sogelaget fortalde.

Mineralvassfabrikken ISKLAR, såg me også og fekk kvar si flaske vatn som hadde stått i «kaldehola» eitt døgn. Godt på ein varm og solrik dag. Me kørde nyevegen utanom Skjervet om Voss og Trengereid heimatt.

Dagali- Dagane.

Siste søndagen i juli var Helge på Dagali med treskokrakken sin. Dagali-Dagane er eit årleg arrangement. Helge sat på eit bygdemuseum, og det over 100 personar innom og såg på treskograving og anna handverk.

Haustaktivitetar.

Haustturen i år, 4. sept. var tur til det gamle klebersteinbrotet i Fagerbotn i Trengereidfjorden (omtala i årboka for 2000). Me fekk med Nils Nordbø som kjentmann. Han arbeidde i brotet på 40 og 50 talet. Sjølv om han er «godt vaksen» klatra han til topps og fortalde om drifta og arbeidsmåtane. Tor Wold hadde også mykje info. om klebersteinsbrotet og bruken av steinane m.a. på Nidarosdomen.

Minne frå Samnanger.

Historielaget vart kontakta av etterkomarane til Magnhild Øye f. Reistad . 1903-88. Ho kom frå Erikajorda, bruk 5 på Reistad og vart gift med Bertin Øye frå Bergsdalen. Ho vart etter kvart busett på Dale , men heldt heile livet kontakt med heimstaden . Når no dottera Kristi døydde og huset skulle seljast, ville barneborna v. Aase Løndal Øye gje noko tilbake til Samnanger. Det vart henta eit Tyssemaleri av Lars Sjursen og ei gamal kiste frå 1856 samt ein del bilete. Maleriet er deponert til Samnangerheimen. Der vil også kista koma etter litt behandling.

Tur til Espeland fangeleir

13. november var det tur til Espeland fangeleir med informasjon og omvising. Den er no freda av Riksantikvaren, og Venneforreningen har fått papir på at dei eig leiren. Det var 31 personar med på turen.

Litt seinare på dagen, etter ein god middag, heldt Frank Aarebrot eit interessant foredrag i leiren.

Bokslepp

Det vart ikkje julemesse i år, difor vart det 30.nov ein kveld med bokslepp av årboka 2016. Denne gongen var boka i fargar, noko som verka svært tiltalende.

Svein O. Aadland fortalde levande om Tante Anna, som også er omtala i eit stort kapittel i årboka. Ein selde og tidlegare årbøker, dvd-ar og t-skjorter. Mat og drikke hørde med.

Ymse

- Det er kjøpt inn nødvendig oppgraderingsutstyr til videoutstyret til historielaget.
- Historielaget har fått fleire førespurnader ang. opplysningar om personar og gardar . Dei fleste har fått svar, nokre er under arbeid.
- Laget har etter førespurnad frå kommunen kome med framlegg til styre for Tomas Nordvik- stiftinga.
- Laget har også kome med i frivilligsentral-arbeidet i kommunen.
- Laget har vurdert fleire reklameartiklar for laget og har no kjøpt inn t-skjorter med Notaholmen-motiv på. Desse kan kjøpast hos historielaget, Laga , kommunen og Anton.
- Foredraget som Øyvind Neteland hadde om hesteskys over Kvamskogen er no vorte film som er til sals.
- Me hadde planlagt eit foredrag 8. mai med forfattar Ole Jakob Abraham, men dette vart avlyst grunna konfirmasjon denne dagen.
- Historielaget har påteke seg arbeidet med å flytta fotoutstillinga av kraftutbygginga til ein annan stad i bygget til Antons Kulturhistoriske senter.